

Eit aktivt fylkeslag med plass til fleire

4H Hordaland jobbar heile tida med å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske. I vårt fylkeslag skaper me arenaer der born og unge kan kjenne på meistring, samhald, tryggleik og ei kjensle av å ikkje vera redd for å prøva å feila. Me respekterer kvarandre uavhengig av kva bakgrunn og interesser ein har. I 4H kan ein danne varige vennskap med folk frå heile landet. Fellesskapet vårt er kanskje det finaste med 4H – alle passar inn og alle er like mykje verdt til tross for at me har ulike interesser og utgangspunkt.

Det store prosjektet til 4H Hordaland det komande året er landsleir på Voss i 2024. Leiren er eit stort dugnadsprosjekt, som skal samle fleire hundre ungdommar frå heile landet i ei veke. Slogordet for leiren er «Våga du, våga me». Her skal ungdommar få sjansen til å utfordre eigne grenser, prøve nye ting, og skape gode venskap med andre 4H-arar. Målet vårt er at landsleiren på Voss skal vera ei ekstrem utgåve. Voss er kjend for ekstremsportveko, og for nysgjerrige og leikne 4H-arar er dette midt i blinken. At dette er ei ekstrem utgåve, inneber ikkje at alle må hoppa i fallskjerm. Like viktig for oss er at me har det ekstremt hyggjeleg og skapar ekstremt gode minne. For oss er det viktig at du får prøvd noko nytt, og utfordra deg på ein måte som du sjølv vil kalla ekstrem. Det skal vera låg terskel for å prøva, med eit fellesskap i ryggen som tryggjar deg.

Som nemnt er landsleiren eit dugnadsprosjekt. Me er takksame for at me kan ha leiren på Voss, ein plass der dugnadsanda står sterkt. No ynskjer me å ha med oss enda fleire, både som frivillige, og ikkje minst som deltakarar. Me satsar på vekst i 2024, og ynskjer at enda fleire skal få utforska det fantastiske fellesskapet me har i 4H Hordaland. 4H Hordaland har plass til fleire, og me håpar at nye ansikt blir med oss på moroa framover. Kom som du er – me lovar å ta deg imot med opne armar.